

# POLITIHØGSKOLEN



**POLITIHØGSKOLEN**

**ÅRSMELDING 2009**

«Høgskolen for eit  
reflektert, handlekraftig og  
tryggleiksskapande politi»

# Helsing frå rektor

## ● 2009 var prega av studentauke

**Fleire studentar.** Året 2009 har vore prega av aukande mannskapsbehov i politiet og ein auke i talet på studentar. Som ein del av regjeringa sin kriminalpolitikk tok Politihøgskolen (PHS) opp 552 studentar hausten 2009. For å ta imot desse måtte Politihøgskolen setje i verk ei utviding av utdanningssenteret sitt på Kongsvinger. Utvidinga har vore ei hovudsak for høgskolen gjennom heile 2009, og 19. august vart 144 bachelorstudentar ønskt velkomne til Kongsvinger.

Berre nokre månader etter studiestart vedtok regjeringa å auke opptaket ved PHS til så mykje som 720 studentar fra hausten 2010. Denne flotte satsinga på norsk politi gjer det mogleg for oss å verte endå betre. Regjeringa si satsing er god og naudsynt, men høgskolen sine planar var tufta på 550 studentar. Vi må derfor også ta i bruk Justissectoren kurs- og øvingssenter i Stavner til undervisning. Ei ny avdeling er oppretta, og prosjektet i Stavner vil prege PHS framover. Det som er viktig no, er stabile rammevilkår. Vi har utforma og bemanna ein organisasjon som kan ta opp 720 studentar i åra som kjem, og vi gler oss til å bidra med det vi kan i arbeidet med å utvikle etaten. Politihøgskolen er stolt av korleis vi klarer å løyse oppgåvene innanfor rammene av dei lokalitetane vi har, men dei trøngbuddde lokala i Slemdalsveien tærer på organisasjonen. PHS treng nye lokale i Oslo.

Aldri før har så mange unge menn og kvinner teke fatt på politistudium. Studentane møtte ei revidert og vidareutvikla politiutdanning. Justisdepartementet godkjende den nye rammeplanen for bachelorutdanninga i 2007, og sidan har fagpersonalet ved skolen arbeidd med

å konkretisere rammeplanen i fag- og undervisningsplanar. Den nye rammeplanen organiserer det faglege innhaldet i fem hovedområde: Politi og samfunn, Metode, Operative oppgåver, Førebyggjande oppgåver og Etterforskning. Inndelinga i hovedområde skal medverke til å kaste meir lys over yrket som utdanninga kvalifiserer for. Gjennom ulike læringsaktivitetar knytt til dei ulike hovedområda skal studentane kvalifisere seg for praktisk politiarbeid og for vidarelæring og utvikling i yrket.

**Fleire medarbeidarar.** Fleire studentar genererer mellom anna fleire lærarar. Dessutan må også administrasjonen vekse for å kunne ta hand om auken i studenttalet. Politihøgskolen har derfor fått mange nye medarbeidarar i 2009, og vi må truleg tilsetje omtrent like mange nye medarbeidarar i 2010. Nye menneske tek med seg nye tankar og vinklingar, og dette gjer at vi alle kan utvikle oss. Det er eit viktig mål for ein høgskole. Organisasjonen veks raskt, og det er krevjande å handtere auken i nye oppgåver som skal løysast av fleire nye medarbeidarar. Det er også ei utfordring å løyse like oppgåver likt i ein stor organisasjon som er spreidd på fire stader. Det stiller store krav til samhandling.

Eigarane våre gir Politihøgskolen ros for evna til å omsetje politiske vedtak i praksis. Eit av dei viktigaste kriminalpolitiske tiltaka frå regjeringa er å auke talet på politifolk som kan stå til teneste for publikum. Ein slik auke er avhengig av at Politihøgskolen leverer det som skal til. Og det skal vi klare! Eg vil gjerne takke alle dei tilsette ved Politihøgskolen, som på kvar sin måte medverkar til dei gode leveransane. Takk til alle som kvar dag formidlar kunnskap, både til dei som allereie er i etaten, og til dei som snart skal ut i etaten. Politihøgskolen skal fortsetje å fylle rolla si knytt til kompetanse som eit viktig kriminalpolitisk verkemiddel



A handwritten signature in black ink, appearing to read "Hans S. Sjøvold".

Hans Sverre Sjøvold  
Sjef for Politihøgskolen

# Meldinga frå styret

● 2009

Styret har i 2009 hatt 5 møte, og det er behandla i alt 43 saker. I tillegg er styret orientert om ei rekke saker som administrasjonen har arbeidd med. Alle møta i 2009 var dagmøte, og dei vart halde ved Politihøgskolen i Oslo.

Styret har brukt mykje tid på dei sentrale styringsdokumenta for Politihøgskolen. Administrasjonen har levert statusrapportar for rekneskap og måloppnåing kvart tertial og halvår, og ein årleg rapport om høgskolen sitt arbeid med kvalitetsutvikling. Styreleiaaren har tatt del i styringsdialogen mellom Politidirektoratet og Politihøgskolen.

Styret har også i 2009 behandla og vedteke fleire utdanningsplanar. Fagplanane for andre og tredje studieår etter den nye rammeplanen for bachelorutdanninga er godkjende. Styret har godkjend nye eller

reviderte studieplanar for seks ulike vidareutdanninger som gir formell kompetanse som høgskoleutdanning med studiepoeng. Administrasjonen har orientert styret om revisjon av fagplanar og studieplanar, der rektor har fått fullmakt til å godkjenne planane.

Styret har godkjend ny forskrift for studium og eksamen ved høgskolen, og ny handbok for kvalitetsutvikling.

Administrasjonen har orientert styret om sitt arbeid med fleire sentrale oppgåver, m.a. etableringa og oppstarten ved studiestaden på Kongsvinger. Det har i 2009 vore fokus på innføring av eit nytt studie-administrativt system (FS) og på overgang til Samordna opptak. Styret har fortløpende blitt orientert om planar knytt til lokalisering av høgskolen og konsekvensar av auka studentopptak, deriblant etable-

● 2009

ring av Stavern (JKØ) som studiestad frå hausten 2010. Styret legg framleis vekt på at Politihøgskolen må vere lokalisert i Oslo.

Styret har uttrykt uro for ordninga med å gi studentane vitnemål etter tre år, etter at aksjonane i politidistrikta våren 2009 gjorde det vanskeleg å gjennomføre leiroppaheldet i tredje studieår.

Styret har fått faglege orienteringar om ulike forskingsprosjekt, og om strategi for formidling av fag og forsking.

Styret vil takke rektor og alle medarbeiderane ved Politihøgskolen for godt samarbeid i 2009. Høgskolen er i ein ekspansjonsfase med omsyn til både studentar og tilsette, og er prega av interessant fagleg utvikling og forsking, av eit positivt studentmiljø og av solid læringsarbeid. Styret kjenner seg trygg på at dette vil medverke til ei god kompetanseutvikling for politiet.

Politihøgskolen vedtok  
våren 2009 ein strategi  
for formidling av fag  
og forsking. Målet med  
strategien er å medverke til  
meir forskingsformidling  
frå høgskolen.

2009

januar						
M	T	O	T	F	L	S
			1	2	3	4
5	6	7	8	9	10	11
12	13	14	15	16	17	18
19	20	21	22	23	24	25
26	27	28	29	30	31	

Odd Reidar Humlegård  
Styreleder

Kristin Barstad  
Nestleder

Gro Smedsrød  
Styremedlem

Ruth H. Olsen  
Styremedlem

Magnus Kock  
Styremedlem

Bjørn Barland  
Styremedlem

Terje Skjølberg  
Styremedlem

Anne Øverbye  
Styremedlem

Hild Rønning  
Styremedlem

Anne Kristine Storberget  
Styremedlem

Paul Fridtjof Henriksen  
Styremedlem

# Budsjett og rekneskap



Politihøgskolen si ordinære tildeling for 2009, inklusive arbeidsgjeveravgift, var på kr 331 458 000. I tillegg kjem overført restbeløp frå 2008 på kr 11 114 635, kompensasjon for lønsoppgjeren med kr 1 410 000 og kr 275 000 til dekking av meirutgifter knytt til nye føresegner for arbeidstid (ATB). Den samla løyvinga var med dette kr 344 257 635.

Vidare er det gjeve fullmakt til overskring på kap. 0442 mot tilsvarende meirinntekt på inntektskapittelet 3442, post 02 og post 03 - diverse inntekter.

Budsjettet inntekt for 2009 var i statsbudsjettet sett til kr 5 722 000 for post 02 og kr 15 982 000 for post 03 (JKØ). Det samla inntektskravet utgjer etter dette kr 21 704 000. Ved avslutninga av rekneskapen utgjorde bokførte ordinære sals- og leigeinntekter kr 36 099 715, ein differanse på kr 14 395 715. Av dette kjem endra rekneskapspraksis for prosjektmidlar der dei inntektsførast ved oversending

og øyremerkast for det gjeldande prosjektet fram til prosjektet er ferdig og midlane er brukt opp. Samla stod desse prosjekta for kr 3 360 171 i 2009.

Refusjon av sjuke- og barselpengar og refusjon for lærlingar utgjorde samla kr 3 436 954. Samla budsjettramme - inkludert refusjonar og meirinntekter - vart med dette kr 362 090 304. Rekneskapsførte utgifter utgjorde kr 347 848 608, og det gir eit rekneskapsmessig resultat for 2009 på kr 14 241 697.

Det positive rekneskapsresultatet skuldast underforbruk av avsette fellesmidlar, meirinntekter som i høg grad skuldast omlegging av rekneskapsførselen for eksterne prosjektmidlar, og nokre utsette investeringar. Dei utsette investeringane utgjer til saman ca. 6 mill. kroner og eksterne prosjektmidlar som må øyremerkast i 2010 fram til prosjekta har brukt dei opp.

# Studentane på plass på Kongsvinger



Onsdag 19. august

Fra og med hausten 2009 har Politihøgskolen drive bachelorutdanning ved utdanningsenteret sitt på Kongsvinger. Dette har vore naudsynt for å kunne auke det samla studenttalet ved høgskolen. Studentane er på Kongsvinger det første året, og tek det siste og avsluttande året i Oslo. Heilt fram til dei siste vekene i august 2009 arbeidde vi med å gjere utdanningsenteret på Kongsvinger klart til å ta imot bachelorstudentane.

Onsdag 19. august vart 144 studentar ønskt velkomne. Justisminister Knut Storberget stod for den offisielle opninga. Naturleg nok stod det nye bygget i sentrum, men dei 144 studentane fekk òg mykje merksemnd. Politihøgskolen ønskjer å trekke fram det gode samarbeidet med Kongsvinger kommune i heile prosessen med å etablere bachelorutdanning på Kongsvinger.

POST	REKNESKAP	BUDSJETT
01 1	Lønn og godtgjersler	kr 141 191 724 kr 140 078 321
01 2	Varer og tenester	kr 206 656 884 kr 196 638 632
	Øyremerka	kr 1 681 146
	Meirinntekter, inkl. prosjektmidlar	kr 14 395 715
	Udisponert resultat/fellespostar	kr 9 296 490
	Overskot til overføring	kr 14 241 697
	Samla	kr 362 090 304 kr 362 090 304
02	Diverse inntekter	kr 14 451 050 kr 5 722 000
03	JKØ	kr 21 648 665 kr 15 982 000
	Meirinntekt	kr 11 035 544
	Inntektsførte prosjekt	kr 3 360 171
	Samla	kr 36 099 715 kr 36 099 715

Budsjettansvaret er delegert til avdelingane med månadleg rapportering til sjefen for Politihøgskolen. Administrasjonen leverer tertialvise rekneskapsrapportar og halvårsrapport til styret og til Politidirektoratet.



Utdanningsenteret på Kongsvinger



# Fleire studentar

## ○ Studentar til Stavern hausten 2010

Regjeringa har vedteke å auke opptaket ved PHS til 720 studentar frå hausten 2010.

Dette vil krevje mykje av Politihøgskolen som organisasjon. No må høgskolen dessutan ta i bruk Justissektorens kurs- og øvingssenter i Stavern i undervisninga til politistudentane. 168 studentar vil ha Stavern som studiestad i 2010. Frå hausten 2012 vert studenttalet dobla til 336 studentar (dersom opptaket på 720 held fram). Politihøgskolen har heldigvis god kompetanse i å planleggje og gjennomføre

endringar i løpet av kort tid, og vil få mykje nytte av erfaringane dei gjorde seg under etableringa av bachelorutdanninga på Kongsvinger. Ei ny avdeling er oppretta. Den fremste grunngjevinga er at avdelinga i 2012 vil verte like stor som avdelinga i Bodø. I Stavern er det mange nok klasserom, grupperom, datarom, lesesalar og kontor til å huse den nye bacheloravdelinga. Ein vurderer likevel å bygge eit nytt auditorium med plass til 200 personar. Prosjektet i Stavern vil prege PHS i 2010.

### NYE LOKALE TIL POLITIHØGSKOLEN I OSLO

Politihøgskolen har i lengre tid arbeidd med moglegheiter for å utvide kapasiteten ved Politihøgskolen i Oslo. Bygningsmassen på Majorstua er langt frå tidhøveleg. Derfor var det svært gledeleg å lese i Soria Moria 2 at regjeringa vil setje i gang arbeid med nye lokale i Oslo for Politihøgskolen. Talet på studentar i nye lokale i Oslo vil kunne verte 1400-1500 til alle tider, og arealbehova er berekna til ein stad mellom 36 000 og 40 000 m<sup>2</sup>. Det er likevel ingen konkrete løysingar med omsyn til nytt bygg i Oslo. Prosessen opplevast som krevjande for PHS.

For å halde det faglege nivået oppe er Politihøgskolen avhengig av at utdanninga held fram i Oslo. Det er tilsett meir enn 80 fagpersonar på ulike nivå for å undervise og utvikle politifaget og politivitskapen. Eit samla familjø er ein kritisk faktor for å halde oppe kvaliteten på utdanningane. I Oslo er dessutan politifaglege og juridiske miljø som Økokrim, Kripos, spesialeiningar i etaten, Politidirektoratet og Riksadvokaten rett i nærleiken. Dette gir god tilgang til spesialkompetansen som Politihøgskolen er heilt avhengig av.



# Overgang til Samordna opptak

● 1. mars 2009

I 2009 vart opptaket til bachelor i politiutdanning for første gong gjort gjennom Samordna opptak (SO). Overgangen til SO var ei svært krevjande logistikkøving som stilte store krav til omstillingsevne hjå medarbeidarane på Politihøgskolen. Eit nytt og ukjent system for registrering og saksbehandling av søkerane skulle takast i bruk. Høgskolen fekk tre månader mindre til å gjennomføre opptaket i 2009 enn det som har vore vanleg tidlegare. Opptaksreglementet og krava til gjennomføring skulle likevel vere dei same som før.

Logistikk vart eit nøkkelord i denne perioden, og gjennomføringa av dei fysiske testane og intervjuia gjekk bra over heile landet. Søkerane skulle gjennomføre testane, skrive eigenerklæring, gå til legesjekk og til slutt hasted vidare til intervju - på éin dag. Særleg krevjande vart det i

Oslo, med inntil 100 søkerar dagleg på dei fysiske testane, fordelt på to puljar à 50 søkerar.

Nytt i 2009 var òg at dei kvalifiserte søkerane fekk høve til å melde seg på fysiske testar via Internett. Denne løysinga for påmelding fungerte svært bra og vart opplevd som ein stor fordel for søkerane, fordi dei sjølv kunne melde seg på fysiske testar der og når det passa dei best.

Trass i ein krevjande prosess meiner Politihøgskolen at den har lukkast med å følge opptaksreglementet og krava til opptaksgrunnlag og opptaksprosess der, samstundes med at den har teke i vare søkerane sitt krav på god og uhilda saksbehandling. Vi er stolte av å kunne konkludere med at overgangen til Samordna opptak var vellukka.

## POLITIHØGSKOLEN SINE SØKERAR

Etter at søknadsfristen gjekk ut 1. mars, hadde 2851 søkerar sett opp Politihøgskolen som førsteprioritet i SO. 34,8 prosent av desse var kvinner. Som følgje av overgangen til SO vart det vedteke at søkerar med etnisk minoritetsbakgrunn sjølv skulle oppgi denne bakgrunnen på omslagsarket. 88 søkerar oppgav at dei hadde ein slik bakgrunn.

Søkerane til Politihøgskolen kom frå absolutt heile landet. Alle fylka og svært mange kommunar var representerte på søkerstatistikken. Søkerane ønskte seg primært inn på den studiestaden ved PHS som låg nærmast heimfylket deira. Avdelinga i Bodø hadde flest førsteprioritetssøkerar frå fylka i nord, medan Oslo hadde flest førsteprioritetssøkerar frå Trøndelag og sørover.

Ca. 2200 søkerar sende inn omslagsark og papir til PHS. Høgskolen tok opp i alt 553 studentar. Av desse var 39,3 prosent kvinner. Prosentvis er dette det høgaste opptaket av kvinner til PHS nokon gong. 32 hadde minoritetsbakgrunn. Snittalderen var på 23,4 år. 56 studentar vart tekne opp på særskilt grunnlag, og 28 av desse oppgav at dei har etnisk minoritetsbakgrunn. 12 studentar vart tekne opp på bakgrunn av realkompetanse.



# Medarbeidarar ved Politihøgskolen disputerte

## ● Første politimann med doktorgrad

2009 har vore eit år med fagleg aktivitet på høgt nivå. Ikkje mindre enn fire av Politihøgskolen sine tilsette har disputert:

Fredag 16. januar framstilte Kari Gresvik Rønneberg seg for graden dr.philos. ved Universitetet i Oslo. Avhandlinga til Rønneberg hadde tittelen: «Politisamtaler med publikum. Språkbruk som hemmer eller fremmer god kommunikasjon». Avhandlinga er ei undersøking av telefonoppringingar til publikumsvakta ved ein av politistasjonane i Oslo. Datamaterialet består av 900 lydopptak, med eit utval på 190 telefonsamtalar - eller delar av samtalar - som er analyserte for å undersøke korleis politiet sin språkbruk andsynes det vanlege publikum kan påverke gangen i og resultatet av samtalene.

Fredag 13. november disputerte Johanne Yttri Dahl for graden dr.philos. i sosiologi med avhandlinga «DNA - det sikreste av det sikre eller...?». Til dagleg arbeider Dahl som høgskolelektor ved PHS på Kongsvinger. Ho har vore tilsett på Institutt for sosiologi og statsvitenskap ved NTNU i Trondheim, og ho forsvarer avhandlinga si ved NTNU. Den diskuterer uvisse knytt til bruk av DNA i strafferettspileia frå eit sosiologisk perspektiv.

Politiinspektør Trond Myklebust forsvarer 1. desember avhandlinga si «Analysis of field investigative interviews of children

conducted by specially trained police investigators» for graden dr.philos. ved Psykologisk institutt på Universitetet i Oslo. Han har undersøkt 100 dommaravhør av born i saker der det er mistanke om seksuelle overgrep. Målet med avhandlinga var å sjå korleis etterforskarane gjennomførte dommaravhøra, kva spørsmål dei stilte og korleis ulike avhør påverkar utfallet av sakene, spesielt med tanke på bruk av opne og lukka spørsmål. Avhandlinga er presentert i fire artiklar, som alle er tekne opp i internasjonale psykologiske tidsskrift. Dette set Politihøgskolen i fremste linje i den internasjonale politiforskinga. Myklebust vart den første politimannen med doktorgrad.

Cand.polit. Geir Aas forsvarer avhandlinga si for graden dr.philos. ved Universitetet i Oslo 8. desember 2009. Med avhandlinga «Politiinngrep i familiekonflikter. En studie av ordenspolitiets arbeid med familiekonflikter/familievoldssaker i Oslo» viser høgskolelektor Geir Aas at det er eit betydeleg gap mellom lova og retningslinjene sine forventingar til politiarbeidet, og praksisen i politiet. Dette viser i sin tur kva dilemma politiet står overfor kvar einaste dag.

## PRISAR FOR FORMIDLING OG GOD UTDANNINGSKVALITET

Politihøgskolen vedtok i 2009 å opprette to prisar: Ein for formidling, og ein for god utdanningskvalitet. Begge prisane er på 25 000 kroner. Formidlingsprisen delast ut til fagpersonar eller faggrupper som har formidla fagkunnskap på ein framifrå måte. Prisen for god utdanningskvalitet går til personar/miljø som har gjort ein markert innsats for å utvikle utdanningskvaliteten i studia ved høgskolen.



# Forskinga ved PHS

## ● Fire rapportar i serien PHS Forsking i 2009

Politihøgskolen forskar på politiet som samfunnsinstitusjon og på organisasjonen, kultur-en og åtferda i politiet. Strategiane, praksisen og metodane i politiet er også tema for forsking, og i tillegg vert det gjort fenomenstudiar av politiet sine utfordringar.

**Det er gitt ut fire rapportar i serien PHS Forsking i 2009:**

- 1) [Egge, M. og Barland, B. \(2009\) Håp, tro og mulighet.](#) (PHS Forskning 2009:1)
- 2) [Rundhovde, S. \(2009\) Gjerningsmannsprofiling - mellom samfunnsvitenskap og politiarbeid.](#) (PHS Forskning 2009:2)
- 3) [Barland, B. og Tangen \(2009\) Kroppsrepresentasjon og andre prestasjoner](#) (PHS Forskning 2009:3)
- 4) [Flaatten, S., H.I. Gundhus & M. E. Kleiven \(Red.\) Demokrati, kontroll og tillit.](#) (PHS Forskning 2009:4)

### STOR PRODUKSJON AV BØKER

Professor Tore Bjørgo lanserte den nye boka si *Leaving Terrorism Behind - Individual and Collective Disengagement*. Boka er skriven saman med John Horgan, som er direktør for The International Center for the Study of Terrorism ved Pennsylvania State University.

Professor Paul Larsson lanserte boka *Organisert Kriminalitet*. Boka ønskjer å gi ei realistisk framstilling bygd på vitskapleg kunnskap, og tek opp problemstillingar knytt til kampen mot organisert kriminalitet og kva kostnader han fører med seg for det sivile samfunnet.

Andre utgåva av boka *Innføring i straffeprosess* var klar på seinsommaren. Ho er skriven av høgskolelektor Steinar Fredriksen. Det vart gjort mange små endringar som følgje av ny lovgjeving og rettspraksis, og omfanget var auka frå første utgåva. Boka fekk strålende kritikk.

Førsteamanuensis Helene I. Gundhus er ute med ei ny bok om korleis informasjons- og kommunikasjonsteknologi vert brukt for å gjøre politiarbeidet kunnskapsbasert. Boka, *For sikkerhets skyld - IKT, yrkeskulturer og kunnskapsarbeid i politiet*, er basert på Gundhus si doktoravhandling, som ho disputerte på i desember 2006. Den utforskar Politidirektoratet sitt ideal om eit kunnskapsstyrt politi.

Politioverbetjentane Ole Thomas Bjerknes og Ann Kristin Hoff Johansen gav ut ei ny bok om taktiske etterforskningsmetodar i politiet. Boka, *Etterforskningsmetoder - en innføring*, har som mål at leseren skal tenke sjølvstendig i etterforskning av saker, mellom anna ved å bruke konkrete arbeidsmetodar som straksettforskning, avhøy, konfrontasjonar eller elektroniske spor.

Politioverbetjent Kjetil Edvinsen lanserte ei ny lærebok i ordensteneste. Læreboka *Ordenstjeneste* dekkjer faget ordensteneste i det første studieåret ved Politihøgskolen, og den skal gi ei praktisk og teoretisk innføring i operativ polititeneste og kunnskap om politiet si rolle som serviceorgan og maktapparat i samfunnet.

# Publikasjonar frå medarbeidarar ved Politihøgskolen

**Andersen, R.** (2009). *Å være mentalt forberedt: En studie av erfaringer*. Oslo: Politihøgskolen.

**Bakke, J. & Myhrer, T.-G.** (2009). *Begjæring om varetekts med restriksjoner: En undersøkelse av praksis*. Oslo: Politihøgskolen.

**Barland, B. & Tangen, J. O.** (2009). *Kroppspresentasjon og andre prestasjoner: en omfangsundersøkelse om bruk av doping*. Oslo: Politihøgskolen.

**Bjerknes, O. T. & Johansen, A. K. H.** (2009). *Etterforskningsmetoder: En innføring*. Bergen: Fagbokforl.

**Bjørge, T., Van Donselaar, J. & Grunenberg, S.** (2009). Exit from right-wing extremist groups: Lessons from disengagement programmes in Norway, Sweden and Germany. I: T. Bjørge & J. Horgan (Eds.), *Leaving terrorism behind: Individual and collective disengagement* (s. 135-151). London: Routledge.

**Bjørge, T.** (2009). Processes of disengagement from violent groups of the extreme right. I: T. Bjørge & J. Horgan (Eds.), *Leaving terrorism behind: Individual and collective disengagement* (s. 30-48). London: Routledge.

**Bjørnebekk, R. & Bjørnebekk, G.** (2009). Alvorlige atferdsproblemer og antisosialitet. I: R. Hjermann & K. Haanes (Red.), *Barn* (s. 238 – 261). Oslo: Universitetsforl.

**Bråten, O. A.** (2009). *Analyse av McGregors (1960) kjennetegn på effektive team: En SWOT-basert tilnærming*. Mastergrad i arbeid- og organisasjonspsykologi, Psykologisk institutt, Universitetet i Oslo.

**Dahl, J. Y.** (2009). *DNA - det sikreste av det sikre eller?: En sosiologisk studie av usikkerheter knyttet til bruk av DNA i strafferetspleien*. Doktorgradsavhandling, Institutt for sosiologi og statsvitenskap, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

**Dahl, O.** (2009). *Bruk av veileding i politiutdanningen: En undersøkelse av hvordan veileding brukes i politistudentenes andre år av høyskoleutdanningen*. Masteroppgave i pedagogikk, Pedagogisk forskningsinstitutt, Det utdanningsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Oslo.

**Egge, M. & Barland, B.** (2009). *Tro, håp og mulighet: Evaluering av et kriminalitetsforebyggende ungdomsprosjekt i Skien*. Oslo: Politihøgskolen.

**Eidheim, S.** (2009). Adressesperring som hjelpe tiltak for voldsofre. *Norsk Tidsskrift for kriminalvitenskap*, 96(1), 72-83.

**Fahsing, I. A. & Rachlew, A. A.** (2009). Investigative interviewing in the Nordic region. I: T. Williamson, B. Milne & S. Savage (Eds.), *International developments in investigative interviewing* (s. 39-65). Devon: Willan Publishing.

**Fekjær, S. B.** (2009). Utdanning: Et rasjonelt valg?. *Sosiologisk tidsskrift*, 4, 291-307.

**Fekjær, S. B. & Birkelund, G. E.** (2009). Finnes Ghettoskolen?: Betydningen av andel elever med innvandrerbakgrunn for elevenes prestasjoner på videregående. I: G. Birkelund & A. Mastekaasa (Red.), *Integritt?: Innvandrere og barn av innvandrere i utdanning og arbeidsliv* (s. 91-108). Oslo: Abstrakt forl.

**Fekjær, S. B. & Brekke I.** (2009). I samme båt: Frafall fra videregående og arbeidsmarkedstilknytning blant etterkommere og unge med majoritetsbakgrunn. I: G. Birkelund & A. Mastekaasa (Red.), *Integritt?: Innvandrere og barn av innvandrere i utdanning og arbeidsliv* (s. 75-90). Oslo: Abstrakt forl.

**Flaatten, S., Gundhus, H. I. & Kleiven, M. E.** (Red.) (2009). *Demokrati, kontroll og tillit*. Oslo: Politihøgskolen.

**Fredriksen, S.** (2009). *Innføring i straffeprosess*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

**Glomseth, R. & Gottschalk, P.** (2009). Police personnel cultures: A comparative study of counter terrorist and criminal investigation units. *Criminal Justice Studies*, 22(1), 3-15.

**Glomseth, R.** (2009). Fortellinger, småprat og kunnskapsdeling i politiet. *Magma*, 12(6), 14-16.

**Gundhus, H. I.** (2009). "For sikkerhets skyld": IKT, yrkeskulturer og kunnskapsarbeid i politiet. Oslo: Unipub.

**Gundhus, H. I.** (2009). Tillitsskapende politiarbeid: Om å fremme tillit til politiet. I: S. Flaatten, H. I. Gundhus & M. E. Kleiven (Red.), *Demokrati, kontroll og tillit* (s. 101-114). Oslo: Politihøgskolen.

**Holmboe, M.** (2009). Hjemmesoning, foreldreansvar og barnerett. *Lov og rett*, 2, 65-66.

**Holmboe, M.** (2009). Ny litteratur og forskning: Bokanmeldelser [Anmeldelse av boka *Spesiell strafferett og formuesforbrytelsene*. *Tidsskrift for strafferett*, 2, 284-294].

**Holmboe, M.** (2009). Ny litteratur og forskning: Bokanmeldelser [Anmeldelse av boka *Forbudet mot gjentatt straffeforfølging*. *Tidsskrift for strafferett*, 3, 418-421].

**Holmboe, M.** (2009). Politiattest for den som skal ha ansvar for barn og unge. *Tidsskrift for strafferett*, 4, 469-485.

**Holmboe, M.** (2009). Litteratur [Anmeldelse av boka *Små ord for store spørsmål*]. *Lov og Rett*, 9, 572-576.

**Ingvaldsen, K. & Larsson, P.** (2009). Money laundering in the norwegian securities market: On the conditions of money laundering. I: P. C. van Duyne, S. Donati, J. Harvey, A. Maljevic & K. von Lampe (Eds.), *Crime, money and criminal mobility in Europe* (s. 275-310). Nijmegen: Wolf Legal.

**Keane, N. & Kleiven, M. E.** (2009). Risky intelligence. *International Journal of Police Science and Management*, 11(3), 324-333.

**Larsson, P.** (2009). Up in smoke! Hash smuggling the norwegian way. I: K. Ingvaldsen & V. L. Sørli (Eds.), *Organised Crime: Norms, markets, regulation and research* (s. 63-82). Oslo: Unipub.

**Larsson, P.** (2009). Järjestäyneen rikollisuuden ehkäisyin kustannukset. *Haaste*, 3, 22-24.

**Larsson, P. & Magnusson, D.** (2009). Hvitvaskingsreguleringens kostnader. *Nordisk tidsskrift for kriminalvidenskab*, 96(1), 3-25.

**Larsson, P.** (2009). Cannabis markets and production. I: *The drug situation in Norway 2009: Annual report to the European Monitoring Centre for Drugs and Drug Addiction* (s. 56-60). Oslo: Norwegian Institute for Alcohol and Drug Research.

**Larsson, P.** (2009). Bogenmeldelser [Anmeldelse av boka *I trygghedens navn: Politiets rolle i det senmoderne samfund*]. *Nordisk tidsskrift for kriminalvidenskab*, 96(2), 218-219.

**Myklebust, T. & Bjørklund, R. A.** (2009). The child verbal competence effect in court: A comparative study of field investigative interviews of children (FIIC) in child sexual abuse cases. *Journal of Investigative Psychology and Offender Profiling*, 6(2), 117-128.

**Myklebust, T.** (2009). *Analysis of field investigative interviews of children conducted by specially trained police investigators*. Doctoral dissertation, Department of Psychology, University of Oslo. Oslo: Unipub.

**Rundhovde, S.** (2009). *Gjerningsmannsprofiling: Mellom samfunnsvitenskap og politiarbeid*. Oslo: Politihøgskolen.

**Rønneberg, K. G.** (2009). *Politisamtaler med publikum: Språkbruk som hemmer eller fremmer god kommunikasjon*. Doktorgradsavhandling, Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo. Oslo: Unipub.

**Rønneberg, K. G.** (2009). Tillit og mistillit i politiets kommunikasjon med publikum. I: S. Flaatten, H. I. Gundhus og M. E. Kleiven (Red.), *Demokrati, makt og tillit* (s. 115-134). Oslo: Politihøgskolen.

**Sjøvold, H.S.** (2009). Har Politiets Fellesforbund noe ansvar for tilliten i politiet? I: S. Flaatten, H. I. Gundhus og M. E. Kleiven (Red.), *Demokrati, makt og tillit* (s. 195-202). Oslo: Politihøgskolen.

**Stridbeck, U. & Holmboe, M.** (2009). "Det er einskilde som ikkje skjøner kor viktig det er å ha ei sak": Misbruk av forvaltningen og rettsapparatet. Hva bør gjøres?. *Lov og Rett*, 3, 146-165.

**Strype, J.** (2009). Politiets omdømme: Synovates profilundersøkelser 2006-2008. I: S. Flaatten, H. I. Gundhus og M. E. Kleiven (Red.), *Demokrati, makt og tillit* (s. 135-150). Oslo: Politihøgskolen.

**Thorkildsen, P. O.** (2009). *Savnet og etterøkt: En studie om savnede personer på land i Norge og de sok som blir iverksett for å finne dem*. Oslo: Politihøgskolen.

**Thomassen, G. & Myhrer, T.-G.** (2009). Kommunikasjonskontroll og berydning for etterforskning, personvern og rettsikkert: En studie av erfaringene med bruk av metoden. I: *Skjult informasjon – åpen kontroll: Metodekontrollutvalgets evaluering av lovgivningen om politiets bruk av skjulte tvangsmidler og behandling av informasjon i straffesaker* (s. 381-404). Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning.

**Ødegård, A. & Strype, J.** (2009). Perceptions of interprofessional collaboration within child mental health care in Norway. *Jurnal of Interprofessional Care*, 23, 286-296.

**Aas, G.** (2009). *Politiinnngrep i familiekonflikter: En studie av ordenspolitiets arbeid med familiekonflikter/familievoldssaker i Oslo*. Doktorgradsavhandling, Institutt for kriminologi og rettsosiologi, Juridisk fakultet, Universitetet i Oslo.

## FORSKINGSKONFERANSEN 2009

Tittelen på forskingskonferansen ved Politihøgskolen i år var «Demokrati, kontroll og tillit». Presentasjonane vart holdne av professor Liv Finstad og Sigurd Allern med fleire. Det var òg debatt mellom leiaren av Politiets Fellesforbund, Arne Johannessen, og rektor ved PHS, Hans Sverre Sjøvold.

# Satsing på sivile utdanningar



Politihøgskolen har som mål å tilby etter- og vidareutdanning som er relevant for alle målgruppene i politi- og lensmannsetaten. Kvart år nyttar opp mot 1000 personar seg av eit av dei kring 40 ulike tilboda om etter- og vidareutdanning hjå PHS.

Sivile utdanningar har vore eit satsingsområde i 2009. Ein ny seksjon for sivil utdanning vart oppretta i året som gjekk. Seksjonen for sivile utdanningar omfattar tilboda om etter- og vidareutdanning til sivilt tilsette i politi- og lensmannsetaten.

Utdanningstilboda skal styrke kompetansen på namsmannsfunksjonen i politiet, arbeid knytt til forliksrådssekretariat, politiet sine forvaltingsrettslege gjeremål og avgrensa politimyndigheit. I tillegg er tilbodet om vidareutdanning for politijuristar lagt til seksjonen.

I 2009 var det for første gong tilbod om utdanning i politiet sine forvaltingsrettslege gjeremål. Aktiviteten her vil auke i 2010. I tillegg vart det gjennomført ei rekke utdanningar innanfor dei andre ansvarsområda til seksjonen.



**Kriminalsøkshundar.** Fjoråret vart eit viktig år for Politiets hundeteneste. Fem tenestehundar vart autoriserte for søk etter blod og sæd ved Politihøgskolen sitt utdanningssenter på Kongsvinger. Utdanningstilbodet og kvalitetssikringa var nok ein gong eit samarbeid mellom Kripo og Politihøgskolen.

# Glimt frå 2009



## POLITIHØGSKOLEN FEKK PRIS

Politihøgskolen si kommunikasjonseining vart i november tildelt Politidirektoratet sin kommunikasjonspris. Grunngjevinga var mellom anna at den har lagt ned eit omfattande og fagleg framifrå arbeid for å utvikle både grunnlaget for kommunikasjon og sjølve kommunikasjonen ved høgskolen.

## JKØ GAV STØNAD ETTER OLJEKATASTROFEN VED LANGESUND

Sommaridyllen vart broten då bulkskipet Full City gjekk på grunn 31. juli. Ved JKØ vart det oppretta eit operasjonssenter og ein mottakssentral for tilfelle av forureining (påslag av oljesøl), og det vart sett i verk bestilling og mottak av hjelpeutstyr - alt frå tørkepapir og personleg klednad til oljelenser, båtar og køyretøy. Tidleg i aksjonen fekk skolen tilbakemelding om at ein var svært nøgde med valet av JKØ som senter for katastrofen i kommunen.

## HJELPTE TIL UNDER FREDSPRISUTDELINGA

Politihøgskolen hjelpte Oslo politidistrikt med sikringsoppdrag under Obama-besøket. Oppgåvene var mellom anna å utføre tilgjengekontroll på VIP-personar i tillegg til væpna utvendig sikring av Grand Hotel. Dette viste med all klårleik at Politihøgskolen kan stille med høgt kvalifisert innsatspersonell innanfor det operative fagfeltet.

## OPPUSSA INTERNAT I DRONNING ASTRIDS GATE

Internatet i Dronning Astrids gate vart rehabilert våren 2009. I tillegg til oppussinga fekk internatet fleire fasilitetar som trådlaukt nett, nye fjernsynsapparat og kaffimaskiner. Bygget fekk dessutan direktevarsling til brannvesenet, og internkontrollen vart betra.

## TYNNE KLIENTAR

I 2009 innførte Politihøgskolen såkalla tynne klientar. Tynne klientar hjelper PHS med å bli meir miljømedvitne. Tynne klientar har eit forbruk på om lag ein tidel av det vanlege datamaskiner har (ca. 30 watt mot ca. 300 watt). Med innføringa av slike klientar er forbruket redusert frå om lag 120 til 12 kW. På årsbasis svarer dette til ein kostnadsreduksjon på i underkant av 100 000 kroner. Det er òg fleire positive sideeffektar. Som følgje av at straumbehovet er vesentleg redusert, er kjølebehovet og støy nivelået òg mindre.

## BOK OM MELODI GRAND PRIX

Kjøkenmedarbeidar Inge Solmo gav ut ei bok med fornøyelige fakta og komiske kuriosia om norsk og internasjonal Melodi Grand Prix. Her finn du fadesar og skandalar, rangeringar og klesdrakter, oversikt over vinnarnasjonar og poenggjeving, anekdotar frå Green Room og nye vinklinger på alt som har med Eurovision Song Contest å gjere.

# Nøkkeltal 2009

● Personalet ● Studentar ○ Opptak ○ Økonomi

○ Belegg ved internat og utdanningssenter

PERSONALET	
• Faste og mellombels tilsette, og langtidsinnkommanderingar (irekna instruktørar)	304 årsverk
STUDENTAR	
• Talet på studentar, bachelor	ca. 1400
• Talet på studentar, master	35
• Talet på studentar, etter- og vidareutdanning	829
OPPTAK	
• Samla tal på søkerar (førsteprioritet SO)	2851
• Mannlege søkerar	1748
• Kvinnelege søkerar	1103
• Søkerar med minoritetsbakgrunn	88
• Opptekne studentar	552
• Opptekne studentar med minoritetsbakgrunn	32
• Opptekne kvinner	217 (39,3 prosent)
ØKONOMI	
• Ordinær løying, etter St.prp. 1	331 458 000
BELEGG VED INTERNAT OG UTDANNINGSSENTER	
• Politihøgskolens utdanningssenter, Kongsvinger	15 862 gjestedøgn
• Justissektorens kurs- og øvingssenter (JKØ)	42 676 gjestedøgn

○ Notater:

---

---

---

---

---

---

---

---

---

